



Samman for fellesskapet

Fitjar kyrkjelyd har alltid hatt ord på seg for å vera levande og aktiv. Svært mange menneske i bygda identifiserer seg med den lokale kyrkja, og mange er aktivt engasjerte i kyrkja sitt liv gjennom gudstenesteli, møteverksemd på bedehusa, misjonsarbeid, barne- og ungdomsarbeid, korarbeid m.m.



Saman for fellesskapet

NY KYRKJELYDSPREST

Når denne helsinga kjem i posten, har Fitjar kyrkjelyd nyleg ynskt den nye kyrkjelydspresten vår, Fridleif Lydersen, varmt velkommen. Me trur at han vil gli godt inn i kyrkjestaben og bli til stor glede for liten og stor i heile kyrkjelyden. Det er jo eit dristig trusprosjekt å halda seg med eigen kyrkjelydsprest; men det har synt seg før at det både er mogeleg og svært tenleg for kyrkjelyden! Gjennom dette siste året har me også registrert eit stort engasjement nettopp for denne stillinga. I første omgang er Lydersen tilsett i ei prosjektstilling som strekkjer seg over to år. Men me trur og vonar at denne tidsramma let seg utvida.

BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Me har eit sterkt ynske om å vera med å skapa eit godt oppvekstmiljø for born og ungdommar i Fitjar. Nye tider gjev nye utfordringar, og det vert ikkje enklare å orientera seg klokt og trygt gjennom livet. Her må me som kyrkje både sjå og ta ansvaret vårt og skapa trygge fora for den oppveksande slekta og gje dei gode kart og kompass for livet. Gjennom trusopplæringa har me tilbod for alle aldersgrupper minst ein gong i året fram til dei er 18 år. I konfirmantåret har me særleg mange tilbod som me ønskjer at alle skal få vera med på. Andre gode tiltak er Lys vaken, tårnagentar, kyrkjevandring og bok for 4-åringar.

AKTIV GJEVARTENESTE

Dei kyrkjelydsprestane me har hatt så langt, har alle delvis vore løna av innsamla midlar. Mange i kyrkjelyden har vore med som faste gjevarar til dette føremålet, medan andre har gjeve spontane gåver og rause offer og kollektar. No treng me å fornya og auka denne tenesta monaleg! Og me trur at det er eit stort potensial for dette i bygda. Fleire har alt sagt at dette vil dei vera med på. Det set me stor pris på! For å opprettahalda barne- og ungdomsarbeidet på det nivået me har no, er det og naudsynt å få inn midlar til dette og. Soknerådet opererer med ein felles konto for alle føremål. Dersom du merkar giroen med «kyrkjelydsprest» eller «trusopplæring», skal du vera trygg på at gåva kjem trygt på rett plass. Du bestemmer. Om du ikkje merkar med noko, nyttar soknerådet gåva



FRIDLEIF LYDERSEN

der dei finn det mest tenleg. Gåver går uavkorta til øyremarka føremål

SKATTEFRITAK FOR GÅVER TIL FRIVILLIG ARBEID

Stortinget og den norske staten synest så vel om frivillig arbeid at dei vil støtta det arbeidet folket ønskjer å gje til. For kvar 100 krone du gjev, vil dei gje 27 kroner. Dette vert avrekna på skatten. For å få denne fordelene, må du oppgje fødselsnummeret ditt kyrkjekontoret.

OFFENSIV OG FRAMTIDSRETTA KYRKJELYD

Til neste år, altså i 2017, fyller Fitjar kyrkje 150 år. Det skal feirast på skikkeleg vis. Då skal sjølvstendig historia fram. Men det er ingen betre måte å feira dette jubileet på enn ved at me tek med oss det beste frå fortida som inspirasjon for framtida. Me ynskjer verkeleg å vera med og skapa ein levande kyrkjelyd for oss og for framtida sine menneske i Fitjar!

Fitjar sokneråd



Temakveldar

Babysong Trusopplæring



Kveldsbøn

Konfirmasjon

Lys vaken

Gudstenester

Tårnagenthelg



Diakoni Vigsler

Kyrkjelydsfestar Konsertar



Kyrkjekor Misjonsprosjekt Konfirmantundervisning

Dåp



Gravferd



Kyrkjelydstur



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar kyrkjelyd

Ja, eg vil støtta Fitjar kyrkjelyd sitt arbeid:

- Trusopplæring/ungdomsarbeid beløp: _____/mnd
 Kyrkjelydsprest beløp: _____/mnd

Eg vil gje mitt bidrag slik:

1. FAST TREKK VIA NETTBANK

- Eg ynskjer å betale via nettbank, kr. _____ kvar måned (dette gjer eg sjølv)

Beløpet vert overført til Fitjar sokn, konto: 3546.29.05805
NB! Hugs å skriva kva gåva skal gå til i meldingsfeltet.

2. FAST TREKK ETTER AVTALE MED BANKEN

- Eg ynskjer å betale med fast trekk i banken, kr. _____ kvar måned.

Beløpet vert overført til Fitjar sokn, konto: 3546 29 05805.
Avtale med banken om trekket ordnar eg sjølv. NB! Hugs å skriva kva gåva skal gå til på innbetalinga.

3. BETALING MED BREVGIRO E.L.

- Eg ynskjer å få tilsend ferdig trykte giroar og vil gje kr. _____ pr. mnd.

Skattefritak for gåver:

For årlege gåver mellom kr. 500,- og 25.000,- er det mogleg å få skattefrådrag, dersom ein oppgjev fødselsnummer på skjemaet. Me syt då for at skatteetaten får overført dei nødvendige opplysningane.

Fødselsnummer: (viss ein ynskjer skattefrådrag).

Namn: _____

Adresse: _____

Post.nr/stad: _____

Tlf. nr.: _____

E-post-adresse: _____

Dato, stad

Underskrift



Skrivet kan leverast på kyrjekontoret eller sendast: Fitjar Sokn, Pb.10, 5418 Fitjar, eller du kan skanna det og sende det på mail til: kyrkja@fitjar.kommune.no